

Høyringsinvitasjon og mal for høyrings svar

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Dato utsendt på høyring	01.12.16
Høyringsfrist	08.12.16
Send høyringsinnspel til	post@hisf.no ; postmottak@hsh.no ; post@hib.no
Bakgrunn for saka	<p>Prosjektet har hatt i oppgåve å kome med forslag til kjerneverdier, faglege visjonar og strategi for den nye høgskulen, samt forslag til prinsopp for strategisk utvikling og samkøying av utdanningsløp. Vi ønskjer særleg tilbakemelding på forslaga til profilområde for HVL, inklusive område der vi vere nasjonalt leiande og/eller ha mulegheit for å lykkast internasjonalt.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (innspel frå underliggjande einingar/miljø kan følgje som vedlegg).</p>
Vi ønskjer spesielt innspel på (frå rapporten):	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald. - Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lykkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet). - På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.
Kap 4	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde
Kap 5	<ul style="list-style-type: none"> - Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøying av utdanningane ved HVL»? - Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?
Kap 6	<ul style="list-style-type: none"> - Gir måla og operasjonaliseringa grunnlag for styring og strategiutvikling? - Reflekterer måla og operasjonaliseringa HVL sin profil?
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Utsendar	Prosjektsekretariatet

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
-----	--

Høyrings- instans (svarar)	Avdeling for lærarutdanning og kulturfag (ALK), HSH
Prosess	
Innspel	
Kap 3	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>Nytte og relevans - profesjonsfokuset og er viktig – bra at desse omgrepa er med i innleiinga.</p> <p>3.2 Profilmråde 2, under overskrift 'Performative kunst- og kulturfag:</p> <p>I nasjonal profil er det mellom anna brukt omgrepet <i>performativt</i> i tilknytning til kunstfaga: <i>Performative kunstfag i opplæring og danning</i>. Vi meiner det er positivt at musikk og drama får ei sentral rolle i det nasjonale profilmrådeprogrammet. Samstundes er det performative som omgrep ikkje dekkande nok for det arbeidet som pågår kunst- og kulturfaga på lærarutdanninga. Til dømes er faga musikk og drama like mykje <i>skapande</i> og <i>estetiske</i>. Det 'performative' som teoretisk omgrep virker her begrensande, og ikkje tilsvarende bredda i undervisnings- og forskningsarbeidet som pågår innafor desse faga. Overskriften på avsnittet treng difor ikkje spesifiserast til performativt, men kun skildre fagområda Kunst- og kulturfag. Forslag til endring i teksten i avsnittet kan være slik: <i>skapande, estetiske og performative kunstfag i musikk og drama</i> (s. 11). I tabelloversikta på side 8 foreslår vi og å skrive Kunst og kulturfag i staden for 'Performative kunstfag i opplæring og danning'. Under overskrift Område der HVL har særlege mulegheiter for å lukkast internasjonalt (s. 12) er det svært positivt at prosjektgruppa har trukke fram CASE-satsinga og HVL si rolle på områdene <i>creativities, art and science in education</i> internasjonalt.</p>
Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>ALK stiller seg bak profilmråda, og trur det er spesielt viktig med tanke på å behalda ulike profiler i profesjonsutdanningane. Dette opnar opp for at me kan halda fram med å styrka eigenartane til dei ulike utdanningane.</p> <p>ALK stiller spørsmål til at dei tverrgåande satsning-områda ikkje inkluderer fokus på danning og kultur, då danning er ein av bærebjelkane i lærarutdanninga. Slik det står no er det ingen openberre satsningfelt som dekkar danning som omgrep. Det bør leggest til i satsningsområdet: "kultur, danning og kreativitet". Når det kjem til å tenka nyskapande og berekraftig utdanning har lærarutdanninga gode arbeidsmetodar å byggja utifrå. Å kunna satsa på ein tverrgåande satsning på dette mellom dei ulike campusa vil ein kunna utveksla idear og ha høve til å utvikla nye utdanningsformer.</p> <p>På side 16 og 17, moglege tverrfaglige satsingsområde, er kultur og danning fråværende omgrep. Desse områda er tungt forankra på alle dei tre tidlige høgskulane. Ikkje berre som lokale omgrep knytt til profesjonar, men og som tverrfagleg og overgripande satsingsområde. Kultur kan være eit overgripande fenomen (bedrifts- og organisasjonskultur, samfunnskultur, utdanningskultur, sosial kultur og så</p>

	<p>vidare). Dette gjeld og <i>danning</i>, som utdanning, samfunnsdanning, sosial danning og mye meir. Desse omgrepa kan få større plass i ein organisasjon som (ut)dannar for framtidens kulturelle samfunnsborgarar, og er naturleg som ein del av de tverrfaglege satsingsområda for den nye Høgskulen på Vestlandet.</p> <p>Vi foreslår difor å legge til eit satsingsområde: Kultur, samfunn og danning. Nokon av dei eksisterande underpunktta, som pedagogiske utfordringar, kreativitet og kunstfag, fysisk aktivitet, og læring kan leggest inn under dette satsingsområdet, men også didaktiske praksisar, historie, samfunnskunnskap, utdanningsvitenskap, IKT i læring og samfunn, kultur og danning og eventuelt frå tidligare avsnitt: samfunnskultur, utdanningskultur, sosial kultur, samfunnsdanning og så vidare.</p>
<p>Kap 5</p>	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p> <p>ALK har nokre innspel til «Prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkjøyring av utdanningane ved HVL». Her heiter det at «Utdanningsløp skal samkjøyrast på tvers av campusane». Lenger nede heiter det «Ein byggjer opp under fagleg eigenart og regionale behov gjennom å – ha rom for tydeleg profilering av utdanningane» (s. 18).</p> <p>Her meiner ALK det er store skilnader på lange utdanningsløp som GLU og Sjukepleie, og kortare samlingsbaserte utdanningar. I dei lange campusbaserte utdanningsløpa er det naturleg og viktig at organiseringa er såpass samordna at studentar som av ein eller annan grunn t.d. flyttar frå Førde til Haugesund eller Bergen i løpet av studietida kan forsetja utdanninga si der utan store overgangsvanskar.</p> <p>Når det gjeld samlingsbaserte (og vanlegvis kortare) utdanningar ser me alt i dag at me t.d. på PPU på Stord kvart år har studentar spreidd frå Vest-Agder til Sogn og Fjordane. I mange år har ein stor del av våre studentar vore busette sør for Boknafjorden. Einskildstudentar har me og frå andre delar av landet – ja til og med frå den norske skulen i Spania.</p> <p>Her ser ein altså at avstanden har lite å seia, det er organisering, innhald og profil som synest vera det avgjerande. I samlingsbaserte utdanningar kan det dermed vera svært fornuftig å la dei ulike tilboda behalda, og kanskje foredla, kvar sin profil. Til saman vil HVL då kunna famna vidare og ha appell til ulike studentgrupper.</p> <p>På PPU ser vi ei svært samansett studentgruppe . Nokre kjem rett frå utdanning medan andre jobbar alt i skulen og treng PPU for å få fast tilsetjing. Spreiinga i alder er svært stor der dei yngste er midten av 20-åra medan dei eldste nærmar seg 60. Ulike faggrupper kan og ha ulike preferansar i høve til kva profil dei ynskjer seg. Sjølv sagt må ein og ha med at PPU inneber både yrkesfag og allmennfag.</p> <p>Ein ny, stor høgskule som HVL meiner me må ta mål av seg å appellera til alle desse gruppene. Det trur me skjer best ved å samordne det som må samordnast (betaling til praksisrettleiarar, omfang av praksis...), inspirera miljøa til å læra av kvarandre og kanskje bidra hos kvarandre, og sist men ikkje minst styrka og marknadsføra kvar sin profil. Til saman kan me då nå langt vidare enn med eit identisk opplegg på alle campus. Det er en klar spenning mellom samkjøring og lokal profilering og kan bli ei motsetning mellom samkjøring og tett på – om styringa blir fjern.</p> <p>I kapittel 5, under prinsipp for strategisk fagleg utvikling og samkjøyring av</p>

Fusjonsprogrammet for Høgskulen på Vestlandet

	<p>utdanningane ved HVL (s. 18), er det uklart kva 'samkøyring' skal innebere. Det er positivt at det poengterast at det ikkje skal settast for stramme føringar. Samstundes er det avgjørande at studenten er i sentrum. Kva og kor er studenten sitt behov i denne oversikta? Kva konsekvensar vil eventuell 'samkøyring' ha å seie for studentane? Eventuell 'samkøyring' må være forsvarleg overfor studentane sitt lærings- og utdanningsløp og fagas eigenart framfor økonomisk berekraft. Her er det og viktig at HVL opnar for at fagpersonalet sine samla ressursar og kompetanse er sentralt i utviklinga av HVL sitt samla regionale studietilbod. Vi foreslår at punkt nummer 3 og 4 blir flytta opp øverst på prinsippista, og det presiserast at fagleg tilsette har ei sentral rolle i profilerings- og samkøyringsprosessane.</p>
Kap 6	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
	<p>Fleire tilsette er redd for at økonomi skal bli for førande – da blir alt digitalisert. Økonomi må ikkje gå framfor moglegheit for faglig eigenart – kan prinsippa rangerast?</p> <p>Vedrørande profilering – det er viktig å vere fagsensitiv – kva kan samkøyrast i for eksempel metode (ulikt for musikk og ingeniør).</p>
Andre merknader	<p>Kommenter ut frå egne behov</p>